

DnB NOR
turen

2008

6 flotte turer i Sveio kommune



Utsikt fra Kattabergsfjell, tur 6. Foto: Thomas Førde

DnB NOR-turen er et landsomfattende samarbeid mellom
DnB NOR og Norges Orienteringsforbund.
Informasjon og deltagerregistrering
finner du på www.dnbnorturen.no.



NORGES
ORIENTERINGSFORBUND

DnB NOR

DnB NOR-turen

...mange turer små



Hva er DnB NOR-turen?

DnB NOR-turen er enkle tilrettede turer til spennende turmål i flere byer og tettsteder i Norge. Turene er ment som en spore til aktivitet blant befolkningen. DnB NOR-turen er gratis og helt uforpliktende. Du bestemmer selv hvor og når du vil gå. Vi tilrettelegger for god helse og velvære, og gir deg et mål med turen samt en inspirasjon til å holde deg i form.

Hvordan kan du delta?

Besøk vår hjemmeside www.dnbnorturen.no og registrer deg som deltager. Oppgi navn, adresse og mobiltelefonnummer. Dersom du ikke har mobiltelefon lar du bare mobilfeltet stå åpent. Opplysningene brukes kun til å sende deg informasjon og evt. premiering samt registrering av dine turer på din egen «konto».

Bruk SMS og send inn koden på turmålet

På turmålene er det satt opp en plakatt som viser postnummer og en kode. Denne koden skal du sende som en SMS-melding* til 2002 og din tur er da registrert. Du kan også notere koden, gå inn via www.dnbnorturen.no og registrere koden der.

På www.dnbnorturen.no har du oversikt over dine turer og antall poeng du har samlet gjennom turene.

Vi premierer


Alle som har gått en DnB NOR-tur, og er registrert på www.dnbnorturen.no er med i trekningen av gavepremier fra DnB NOR (se premieliste på nettsiden). Barn under 12 år som deltar vil få diplom per e-post etter første tur samt premie for å gå 3 ulike turer.

* Det koster 1 kr. pr. SMS-melding. Beløpet dekker kostnader ved bruk av SMS-tjenesten og er ikke til inntekt for DnB NOR eller Norges Orienteringsforbund.

www.dnbnorturen.no

Registrer deg

Gå inn på www.dnbnorturen.no og registrer deg som deltager. Her har du full oversikt over de turene du har gått.



Besøk turmålene

På turmålet henger det en plakatt med bokstavkode.

Send SMS

Send SMS til 2002 med «Tur» mellomrom og «kode» som er angitt på posten (eks: Tur XJ2B).

Premiering

Mange flotte premier deles ut.

DnB NOR-turene i Sveio kommune

Det er lagt opp til seks turer i Sveio. Turene er tilrettelagt av turorienteringsgruppa i Sveio o-lag.

Tur nr. 1 SV


Børshovda

Turen til den karakteristiske toppen Børshovda kan gjerast som ein spennande og variert rundtur. Høveleg startpunkt er avkøringa ved Flatbruvatnet/Joavatnet. Køyr Ålfjordvegen frå Førde og sørover mot Røykenes. Nokre p-plassar på høgre side straks etter brua over det smale Flatbruvatnet. Her startar fotturen langs traktorveg med Joavatn på høgre side. Når du ser Børshovda på venstre side av stien kjem du også til Mørkatjødno. Traktorveg og sti vidare mot Børshovda.

På toppen, som ragar 189 meter over havet, skal ha lege ei bygdeborg i Folkevandringstida. Bratte skrentar på fleire sider av toppen gjorde borga vanskeleg å innta og dermed lett å forsvare og kontrollere mot inntrengarar.



Kilde: Statistisk sentralbyrå



BØRSHOVDA

Turpoeng:	3 poeng
Beliggenhet:	Børshovda
Startsted:	P-plass ved brua over Flatbruvatnet
Antall km:	4 km som rundtur
Underlag:	Sti
GPS- koordinater:	6610787 Nord 302046 Øst (UTM sone 32)

100 m Målestokk 1:15 000

Joavatnet rundt

Same utgangspunkt og p-plass kan nyttast som for turen til Børshovda. Føl traktorvegen/stien sørvestover i retning Liervatn. Etter at stien kjem ned på ei myr mest i nivå med Liervatn, svingar stien og går langs myrkanten vestover mot elva som renn mellom Joavatn og Liervatn. Her, ved ein ruin i form av gamle gråsteinsmurar, ligg posten. Ruinane langs elva skriv seg frå sagbruk og kvernhus, som gardane på Lier eigde og dreiv til og med andre verdskri-gen.


Gardane i Førde fekk også utført maling av korn og skjering av tømmer på Lier-saga. Ferdigskoren material måtte berast på ryggen opp til Joavatnet, bindast saman i flåtar, som deretter blei slepte etter ein flatbotna robåt til nordenden av Joavatnet, Sponavika.

Å få tømmeret frå Joavatnet, over dei glatte og bratte berga og ned til saga før skjering til plank og bord, kunne vera eit livsfarleg arbeid.

Mange fine rasteplassar i området mellom Joavatn og Liervatn. Rundturen kan halda fram på sti til grusvegen, Liervegen, som følg Joavatnet nordover til Røykenes-vegen/Ålfjord-vegen.



Foto: Thomas Førde



JOAVATNET RUNDT

Turpoeng:	3 poeng
Beliggenhet:	Sørenden av Joavatnet
Startsted:	P-plass ved brua over Flatbruvatnet
Antall km:	4 km som rundtur
Underlag:	Sti
GPS- koordinater:	6610926 Nord 301475 Øst (UTM sone 32)

100 m Målestokk 1:15 000


Lierfjell

Turen til Lierfjell kan starta ved avkøyringa til Førde skule. På sørsida av E 39, tvers overfor Førde skule, startar ein traktorveg, som ein kan følgja opp dei brattaste stigingane mot Lier. Derifrå er det merka sti eit lite stykke fram mot neste traktorveg, som går mest til topps. Siste stykke kryssar stien eit par myrar, over eit lågt høgdedrag før siste kneiken langs sti mot toppen.

På toppen ligg ei mobilmast, som viser vide omkring. Herifrå er ein fantastisk utsikt mellom anna nordover mot Siggjo i Bømlo kommune, Kattnakken på Stord og Kvinnherad-fjella mot nordaust.

Ned frå Lierfjell kan ein velja fleire ulike ruter. Den lengste og mest varierte ruta går sørover mot dei idylliske Lier-gardane og ned mot Lier-vatn. For vel ein generasjon sidan budde meir enn fire familiar på Lier. Dei fleste fekk si hovudinntekt frå jorda og skogen. Nå er buplassane blitt til feriehusvære. Berre beitande sauer har nå lengre opphald på Lier. Ver difor nøye med å lukka att grindar de går gjennom.

Frå Lier kan ein følgja grusvegen langs Joavatnet tilbake mot utgangspunktet i Førde.



100 m Målestokk 1:15 000

LIERFJELL

Turpoeng:	3 poeng
Beliggenhet:	Lierfjell
Startsted:	Førde skule
Antall km:	4 km t/r samt andre turmuligheter
Underlag:	Sti
GPS- koordinater:	6611476 Nord 300309 Øst (UTM sone 32)



Emberlandsnipen (271 m.o.h.)

Denne toppturen skill seg på mange måtar frå turane til dei andre toppane i Sveio ved at oppstigninga kan gjerast mest utan merkbar stigning. Ein tydeleg sti går frå Auklandshamn skule eller frå butikken i Auklands-hamn og sørover i slakt skogsterreng. Langs ruta ligg fleire idylliske vatn. Turen, som tar om lag ein times tid, før ein når toppen, blir premiært med eit fantastisk utsyn over heile Sveio og enda mykje vidare. Frå toppen kan ein ta ei kortare og brattare rute ned i retning garden Sætre. Her kan ein følgja ein tydeleg sti gjennom variert skogsterreng ned til bilvegen. Siste delen av ruta ned mot Sætre går langs ein gammal ferdselveg, som gjekk mellom Sætre og over til gardane på Emberland. Du kan tydeleg sjå ein fint oppmura veg der stien i dag går langs nokre hundre meter. Den raskaste vegen til toppen av Emberlandsnipen er å gå denne tydeleg merka, men dels bratte stien opp frå Sætre, ein god halvtimes tur.



Målestokk ca 1:80 000



Emberlandsnipen sett frå Lierfjell. Foto: Thomas Førde.

EMBERLANDSNIPEN


Turpoeng:	3 poeng
Beliggenhet:	Emberlandsnipen
Startsted:	Auklandshamn skule
Antall km:	10 km t/r
Underlag:	Sti
GPS- koordinater:	6612496 Nord 296606 Øst (UTM sone 32)

Tur nr. 5 SV

Målefjell

Utgangspunktet for turen er parkeringsplassen ved Haraldsplass på Ulveraker. Du svingar av E39 der skilta peikar mot Valevåg. Nokre hundre meter inn på vegen mot Valevåg ligg busstoppestaden kalla Haraldsplass, staden som kongen vitja i samband med opninga av Trekantsambandet 30. april 2001. Frå denne romslege parkeringsplassen er det om lag 700 meter å gå nordover langs riksvegen mot Valevåg, før du kan sjå eit raudmalt skilt med påskrifta "Tursti" på høgre sida av bilvegen. Herifrå føl du ein god traktorveg, som svingar seg oppover i lia.

Vegen går framom bassenget til tidlegare Valevåg vassverk. Stien går derifrå over eit myrlandt område til foten av Målefjell. Her kan ein velja mellom to ulike retningar i ei rundløype mot toppen av fjellet. Truleg er det enklast å halda seg til traktorvegen lengst mogleg på veg mot toppen. Omlag der traktorvegen endar, skal du ta til høgre og følgja oppsett merkeband og sti, som dels kan vera utydeleg.



100 m Målestokk ca 1:15 000

MÅLEFJELL

Turpoeng:	3 poeng
Beliggenhet:	Målefjell
Startsted:	Haraldsplass på Ulveraker
Antall km:	2,5 km t/r
Underlag:	Sti og terreng
GPS- koordinater:	6620795 Nord 302800 Øst (UTM sone 32)



Tur nr. 6 SV


Kattabergsfjell

Turstien mot Kattabergsfjell tar av frå Paddevegen. Du kan også finna ein sti som tar av inne frå bustadfeltet på Fjellstad. Greiast parkeringsplass er ved kyrkjegarden, litt nærare Sveio sentrum. Nokre hundre meter frå Paddevegen deler stien seg og ein kan velja å ta ein liten rundtur i litt sørvestleg retning i høve til hovudløypa.

Toppen av Kattabergsfjell, der posten ligg, er markert med ein spiss stein, som står på høgkant. Frå toppen er det god utsikt mot Sveio sentrum og i den andre retninga kan ein sjå Bømlafjorden.

KATTABERGSFJELL

Turpoeng:	2 poeng
Beliggenhet:	Kattabergsfjell
Startsted:	Paddevegen
Antall km:	1,5 km t/r
Underlag:	Sti
GPS- koordinater:	6620795 Nord 302800 Øst (UTM sone 32)



100 m Målestokk 1:15 000

Norges Orienteringsforbund arrangerer TurOrientering over hele Norge!



Hva er turorientering?

- Turorientering er et av Norges største trimtiltak.
- Turorientering er en aktivitet uten tidtaking, uten fastsatt start og mål, og ingen faste turdager.
- Turorientering foregår i skogen, ved hjelp av kart og kompass. Arrangørene bestemmer postene, som står på samme sted en gitt tid (gjerner to-tre måneder). Du bestemmer selv i hvilken rekkefølge du vil ta postene, og hvor mange du vil ta på hver tur.

Informasjon om turorientering

- Turorientering arrangeres av 330 klubber over hele landet.
- På www.orientering.no/tur-o/ finner du informasjon om turorientering og alle landets arrangører.

Sveio O-lags turorientering

Sveio O-lags turorientering har gjennom mange år hatt stor oppslutnad. Postar er denne sesongen lagt ut i fire ulike delar av kommunen. Fire ulike kart er dermed i bruk. Alle måla til dei fire DnB NOR-turane, som er omtala i denne brosjyra, held seg innafør området til årets tuoreintering.

Barnas-o-tur: Sveio O-lag tilbyr også eigen pakke med turorientering for barn. Barnas tur-o-postar, 20 postar i alt for sesongen, er teikna inn på fire ulike kart. Tre av karta er i målestokk 1: 5000, kart som er detaljrike og enklare i bruk.

Nær-trim: Det er kort avstand mellom postane i barnas tur-o. Dette tilbodet er også ein glimrande forsmak på turorientering for dei vaksne i nærmiljøet.

Kjøp: Kart og deltakarkort til alle variantar av Sveio O-lags turorientering får du kjøpt her: Haukås Bensinstasjon, Joker Førde og Sparebanken Vest i Sveio.



www.sveiool.org

DnB NOR
turen

...mange turer små

...flere turer?

På www.dntnorturen.no
finner du over 100 turer
på 25 steder rundt i Norge